



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato
05.03.2015

Vår referanse
2015/3558

Til kommunane i Hordaland

Opningstider ved Nav

Fylkesmennene skal ha god oversikt over og kunnskap om kommunane si tenesteutøving ved Nav-kontora i fylket. Difor har vi i 2015 fått i oppgåve å kartlegge forhold som kan ha betydning for tenesteutøvinga (Embetsoppdraget punkt 41.9).

Opningstidene ved Nav-kontora vil ha innverknad på kor tilgjengelege sosialtenestene er for sosialhjelpssøkjara. Det er av betydning for vårt oppdrag som tilsynsstyremakt å vere informert dersom opningstidene vert endra. Vi bed difor kommunane i Hordaland svare kort på sju spørsmål:

1. Kva for opningstider hadde Nav-kontoret då Nav i si tid starta opp i dykkar kommune (då sosialkontoret, aetat og trygdekontoret vart slått saman til Nav)?
2. Kva for opningstider har Nav-kontoret no i mars 2015
3. Har kommunen/Nav planar om å endre opningstidene ved Nav-kontoret no i 2015?
4. Er sosialtenestene ved Nav-kontoret tilgjengelege på telefon i arbeidstida utanom opningstid?
5. Er sosialtenestene ved Nav-kontoret tilgjengelege på annan måte enn på telefon i arbeidstida utanom Nav-kontoret si opningstid, til dømes at ein sosialhjelpssøklar kan kontakte rådhusets ekspedisjon og få kontakt med Nav på den måten?
6. Dersom opningstidene er endra i tida frå Nav-kontoret opna og fram til no, kva er grunngevinga for endringa?
7. Andre kommentarar?

Med opningstider meiner vi at dørene til Nav er opna for besøkjande som ikkje har avtale.

Vi bed om at denne førepurnaden vert formidla til ein i kommunen/på Nav-kontoret som har kunnskap til å svare på spørsmåla. Vi bed om at svaret vert merka med vårt sreferansenummer 2015/3558 og sendt på e-post innan 10. mars 2015 til vår e-postadresse: postmottak@fmho.no

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrifter.

Vedlegg:

Opningstidene til Nav-kontora i Hordaland i mars 2015 i følge www.nav.no

Nav Lindås:	kl 10:00 - 15:00
Nav Tysnes:	kl 09:00 - 15:00
Nav Bømlo:	kl 10:00 - 14:00
Nav Fedje:	kl 09:00 - 14:30
Nav Kvinnherad:	kl 10:00-15:00
Nav Modalen:	tirsdag kl. 09.00–15.00
Nav Odda:	kl 10:00 - 14:30
Nav Stord:	kl 10:00-15:00
Nav Voss:	kl 09:00 - 15:00
Nav Austevoll:	kl 10:00-14:30
Nav Fusa:	kl 10:00-14:30
Nav Fitjar:	kl 10:00-14:00
Nav Etne:	kl 10:00 - 15:00
Nav Sund:	kl 10:00 - 14:30
Nav Samnanger:	kl 10:00-14:30, telefontid kl 08:00-15:30
Nav Ullensvang:	kl 09:00 - 14:30.
Nav Fana:	kl 09:00 - 15:00
Nav Fjell:	kl 09:00 -15:00, torsdag kl 10:30-15:00
Nav Meland:	Mandag, onsdag, torsdag og fredag: kl 10:00- 14:30. Tysdager held kontoret stengt for publikum, og driv sakshandsaming.
Nav Os:	kl 10:00-14:30
Nav Osterøy:	Måndag, tysdag, torsdag og fredag kl 10:00-14:30. Onsdag stengt
Nav Ulvik:	Mandag-fredag: kl 10:00-14:30, torsdager stengt.
Nav Austrheim:	kl 09:00-14:30
Nav Eidfjord:	kl 09:00-14:30, onsdagar stengt.
Nav Granvin:	mandag, tysdag og torsdag kl 09:00 - 14:00, onsdag og fredag etter avtale
Nav Kvam:	man, tir, ons og fre 09.00-15.00, torsdag 11.00-15.00.
Nav Jondal:	Mandag, tirsdag, torsdag kl 09:00-14:00. Onsdag og fredag etter avtale - saksbehandlingsdager
Nav Masfjorden :	kl 09:00 - 15:00, tysdag kl 10:00 - 15:00
Nav Radøy:	Mandag - onsdag + fredag: 09.30-14.30. Torsdagar stengt
Nav Sveio :	kl 10:00-14:30. OBS! Sommerope 10.00-14.00 fra 24. juni tom 16. august
Nav Vaksdal:	kl 10:00-14:30
Nav Øygarden:	Måndag, tysdag onsdag og fredag: kl 09:00-15:00, torsdag kl 10:30-15:00
Nav Askøy:	kl 10:00 - 14:30. OBS Torsdag 6. mars er kontoret stengt. Sjølvetjeningsløysingane er tilgjengelege mellom kl 08 og 12
Nav Fyllingsdalen:	kl 09:00-15:00
Nav Laksevåg:	kl 09:00-15:00
Nav Ytrebygda:	kl 09:00-15:00
Nav Åsane:	kl 09:00-15:00
Nav Arna:	kl 09:00-15:00
Nav Årstad:	kl 09:00-15:00
Nav Bergenhus:	Mandag-fredag kl 09-15. Fra ca 12.30 beregn noe venting. Nav anbefaler å komme tidligere, om mulig

Opplysningane er henta frå www.nav.no, men det kjem ikkje fram kor oppdaterte opplysningane er.